



Utdjuping av kjerneverdien Vennskap

Vi vil sjå etter vennskap uttrykt mellom barna på denne måten:

- At barna opplever glede i møte/samleik med andre barn
- Har humor, smil og omsorg for kvarandre
- Respekt og gode relasjonar
- Empati for kvarandre

Vi skal leggje til rette for vennskap ved å :

- Rettleie
- Vere ein god rollemodell
- Hjelp til i konflikhtar
- Lære dei eldste barna til å hjelpe dei yngre
- Vere inkluderande
- Ha gode rammer som er tilrettelagt barna sin alder og utvikling
- Legge til rette for aktivitetar som fremjar samarbeid, vennskap og deling.
Døme: bygge eit tårn saman.

Dette betyr at eg som vaksen må:

- Ta initiativ og møte barnet på deira sine premisser
- Vere ein god rollemodell og vise korleis vi skal opptre mot kvarandre.
- Bruke tema om vennskap og sosialkompetanse i samlingar
- Behandle alle, store og små, med vennlegheit og respekt.
- Ser kvart enkelt barn, deira utvikling og deira behov.
- Tek barna i å gjere noko godt kvar dag
- Roser ønska åtferd
Døme: «no var du ein god venn»

Vi som arbeider i Mosmarka barnehage vil at barna skal oppleve gode vennskap